


Diftongar – eit nynorsk kjenneteikn



Reiv (med diftong) er noko heilt anna enn rev (utan diftong).

Illustrasjon: Kristoffer S. Mathisen

Ein diftong er to vokalar etter kvarandre i same stavinga: ei, au, øy, ai og oi.

Eit kjenneteikn på nynorsk er at nynorsk har diftongar oftare enn det bokmål har.

Det gjeld særleg diftongane *au* og *øy*.

Oppgåve 1

Korleis skriv vi orda på nynorsk og bokmål? Fyll ut skjemaet. Set ring rundt diftongane.

Nynorsk	Bokmål
	flere
øyre	
	lørdag
	øye
drøyme	
teikne	

Oppgåve 2

a) I teksten under er det fire diftongar på **rett** plass. Set strek under dei.

b) Det **manglar** også diftongar fem stader. Set ring rundt der du trur det burde vere diftong.

Eg heter Aina. Vennen min Olai og eg brukar å slappe av på sofaen og høre på musikk, men av og til vil vi egentleg køre olabil i ein fei eller lete etter gull i Alaska.